



HJELMELAND
KOMMUNE

**Ditt naturlege val
for eit godt liv!**





Hjelmeland naturlegvis

– ditt naturlege val!

Velkommen til Hjelmeland kommune, der naturen og naturressursane ikkje berre er grunnlaget for næring og rekreasjon, men også for bustadkvalitet og livsglede. Her, mellom fjord og fjell, finn du eit samfunn som ønskjer å vera ditt naturlege val for både å bu, arbeida og besøka.

Eit liv i harmoni med naturen

Hjelmeland kommune ligg i vakre Ryfylke og er nest største kommunen i Rogaland fylke med sine 1068 km². Her kan du oppleva eit liv i landlege omgjevnader, der små lokalsamfunn gjev deg tryggleik og samhald. Her kan du engasjera deg i ulike lag og organisasjonar, og nyta eit mangfold av naturopplevingar.

Eit fargerikt fellesskap

Med nær 2700 innbyggjarar frå mange nasjonaltitar, er Hjelmeland eit levande og inkluderande samfunn. Tettstaden Hjelmeland er kommunesenteret, der om lag 22 % av innbyggjarane bur. Resten av innbyggjarane finn du i dei sjarmerande bygdene og grendene Årdal, Fister, Randøy, Jøsenfjorden, Jøsneset og Vormedalen.

Eit mildt klima og eit rikt kulturliv

Klimaet i Hjelmeland er mildt året rundt, noko som skaper eit godt grunnlag for landbruket som har forma både landskapet og kulturen i kommunen gjennom alle år.

Her endrar landskapet og kvardagslivet seg med årstidene. Våren byr på nydeleg fruktblomstring og tusenvis av sauер som beitar. Sommarens liv og røre med nær 1100 hytteigarar gjev ekstra liv til kommunen, medan seinsommar og haust bles liv i festivalar, kulturarrangement og fritidsaktivitetar. Julemarknad, julemesse, juleverkstader og konserter set eit fint preg på førjulstida, medan snørike dagar kan nyttast i skiløypene.

Eit samfunn for alle generasjonar

Hjelmeland kommune har eit breitt spekter av tilbod for alle generasjonar. Her finn du gode butilbod, skular med høg kvalitet og gode eldredomsorgstilbod. Over 80 lag og organisasjonar gjev deg moglegheita til å delta i eit aktivt bygdeliv gjennom heile året.

Velkommen til Hjelmeland – velkommen heim

Hjelmeland er ikkje berre ein stad, det er ein livsstil. Her kan du finna roa, fellesskapet og naturoppferingane du lengtar etter.

*Me ønskjer deg velkommen
til å bli ein del av vårt varme
og inkluderande samfunn!*



ÅRDAL SANDTAK

Årdal sandtak ligger vakkert til inne ved Årdalsfjorden i Ryfylke. Sandindustrien i Årdal har lang historie og Heidelberg Materials er et resultat av at Norsk Sand og Singel & Grus slo seg sammen på tidlig 90-tallet. Det er hovedsaklig natursand som blir produsert her og vi har en total produksjon på ca 500 000 tonn sand i året. Avdelingen har større betongleveranser årlig både her til lands-og til utlandet, spesielt Island, Danmark og Færøyene. Det er prosjekter både innen oljeindustri, broprosjekter, tunnelprosjekter og aluminiumsverk.

Beliggenheten innerst inne i Årdalsfjorden er svært gunstig da de aller fleste leveransene skjer via båt, og avdelingen har eget kaianlegg for båtanløp.

Produktene vi produserer er:

- 0/4 mm sand til taksteinproduksjon
- 0/8 mm støpesand
- 2/8 mm
- 4/8 mm
- 8/16 mm
- 16/22 mm singel

EKSPEDISJON ÅRDAL

Gro Sæbø

Logistikk / kontoransvarlig
Gro.sabo@heidelbergmaterials.com


Bengt Å. Hauge

Driftsleder
bengt.hauge@heidelbergmaterials.com
Tlf: 517 54 200

Heidelberg Materials Tilslag Norge
([facebook.com](#))

Svadbergvegen 27
4137 Årdal i Ryfylke
Norge






Lokal næringsutvikling

Næringslivet i Hjelmeland bygger i stor grad på naturressursar og dekker både havbruk, landbruk og bergverk.

Fleire næringsaktørar opererer både lokalt og globalt, og det er i dag stor investeringsvilje og vekst for fleire næringar. Lokal tenesteyting og offentleg sektor er også ein viktig arbeidsplass for mange og bidreg til å oppretthalda Hjelmeland som ein attraktiv kommune. I dag genererer kommunen, landbruk, bergverk og havbruksnæringa dei fleste arbeidsplassane. Eit synleg satsingsområde dei seinare åra er innanfor lokalprodusert mat og drikke.

Denne nysatsinga har bidrege til å setja Hjelmeland på kartet. Her har ein fått vist fram den fine kulturen innan næringa, som handlar om å skapa produkt av høg kvalitet og å framsnakka kvarandre og gjera kvarandre gode. Produkta frå Hjelmeland har vunne både nasjonale og internasjonale prisar. I dag finst det mange gardsutsal rundt om i kommunen, der du kan snopa med deg prisvinnande produkt og årets sesongvarer.



Randøy Handel er eit viktig samlingspunkt for både lokalbefolkingen og besökande.



ROOTED IN NATURE

griegseafood.com

Oppdrett i havet kommer med et ansvar. Vi er dedikerte til å tilby sunn sjømat til mennesker over hele verden, samtidig som vi stadig reduserer miljøavtrykket vårt.

Mennesker, partnerskap, teknologier og innovasjoner vil hjelpe oss å komme dit. Dette er vår måte å gjøre verden til et bedre sted.



Eg flytta tilbake til Hjelmeland for å satsa
på ei ny næringsgrein. Det har vore ei fantastisk
reise å starta opp og overta næringa her.
Eg opplever også at me er flinke med
å samarbeida og heia på kvarandre. Støtta frå
kommunen og næringa har vore uvurderleg.

Dan Olav Sæbø, siderbonde og heimflyttar

Sterling®

Sterling®kveite, en gourmet fisk til alle anledninger.
Fra de kalde og dype fjordene i Ryfylke

Gladmatfestivalen og Ryfest - ein smak av Hjelmeland

Deltakinga på Gladmatfestivalen har dei siste åra vist fram mangfaldet frå Hjelmeland. Gjester har mellom anna smakt på sider, eplejuice, kjøt, røykt laks, kveite, ost, yoghurt, bakverk, frukt, bær og grønsaker av ulike slag. Den største lokale festivalen, Ryfest, set også fokus på å visa fram dette mangfaldet. Kvar haust inviterer Ryfest til ein kultur- og matfestival for små og store i Hjelmelandsvågen.

Hjelmeland er godt representert på Gladmatfestivalen i Stavanger.



Ryfest blir arrangert kvar haust og trekker mellom 2-3000 besökande.



Smaken av Ryfylke

Her skal vi sørge for fantastiske smaksopplevelser ved bruk av lokale og kortreiste råvarer. Sesongens retter, med stor variasjon og tema-helger.

Vi byr på en restaurant med stor kapasitet opp til 80 gjester, selskapslokale og med konferanse muligheter samt bar. I tillegg har vi et møterom som passer for 50 personer.

Vi har også muligheter for aktivitet og eventer. Ta en elektrisk sykkel ut for en oppfriskende tur gjennom den vakre naturen til Hjelmeland, eller ta deg en varm sauna opplevelse i vår Sauna trailer for å så hoppe inn i havet direkte for en oppfriskende vekker på dagen.

Vi tilbyr også overnatting muligheter enten om man vill i en liten og moro Sovetønne men som har tilgang til kjøkken og baderoms fasiliteter noen få meter unna, eller så har man veldig fine freshe leiligheter å leie.



smakenavryfylke.no


Smaken
av Ryfylke

Bustadutvikling – rom for vekst

Med næring i vekst trengst også fleire bustader. Idag er det om lag 1400 bustader i kommunen, samt mange regulerte byggeklare tomter. I tillegg er fleire byggeprosjekt under utvikling, anten i privat eller kommunal regi.



Engasjement og fellesskap i bygdene


Bygdaråd og innbyggjarar i Hjelmeland viser eit stort engasjement for å arrangera bygdatreff og ivareta bygda si som ein god stad å bu. Det blir invitert til ulike arrangement og dugnadars gjennom året for å skapa både treffpunkt og aktivitetar. Dette er med på å forma inkluderande samfunn som knyter både unge og eldre, nyinnflytta og etablerte, fastbuande og fritidsbuande og folk frå ulike nasjonalitetar betre saman.



Gode skussmål frå innbyggjarane

Resultata frå borgarundersøkinga i 2024 viser at innbyggjarane i Hjelmeland gjev kommunen svært gode skussmål. Undersøkinga dekka hovudtema «kommunale tenester, tilbod og moglegheiter, tryggleik i kvarldagen, demokrati og kommunen som organisasjon», og resultata for Hjelmeland viser seg å vera svært gode både i samanlikning med like store kommunar og det nasjonale gjennomsnittet.





Sjå video



I Hjelmeland har me både sjø og fjell og god plass.
Det er korte avstandar som gjer kvardagslivet enklare.

Thomas Aarhus Kvernberg,
småbarnsfar, nyinnflytta

ME UTFØRER SMÅ OG STORE JOBBAR INNAN

- Graving
- Muring
- Borring og sprenging
- Transport og sal av massar og solla jord
- Opparbeiding av tomter
- Opparbeiding/utbetring av veg

Ta kontakt med oss om du ønskjer uforpliktande befaring av jobbar du treng hjelp med!

post@natland.as



Den nasjonale turistvegen som bind oss saman

Den nasjonale turistvegen Rv 13 slynger seg gjennom Hjelmeland kommune og bind bygder saman.

Riksveg 13 er den viktigaste samferdselsåra i Hjelmeland kommune og knyter kommunen til Stavanger-regionen i sør og Suldal i nord. Denne vegen er òg ein del av Nasjonal turistveg Ryfylke som byr på spektakulære naturopplevingar gjennom frodige kulturlandskap, djupe fjordar og høge fjell. Å reisa langs denne ruta gjev eit unikt høve til å oppleva noko av det vakraste norsk natur har å tilby.

Opninga av **Ryfast-tunnelen** i 2019 gav fastlands-samband til Stavanger-regionen, noko som gjer reisa enklare og raskare. I **trekantsambandet**, der Rv 13 kryssar Jøsenfjorden, finn ein òg verdas fyrste hydrogenbaserte ferje - eit banebrytande miljøprosjekt innan berekraftig transport. Denne unike kombinasjonen av storslått natur, moderne infrastruktur og klimavenleg teknologi gjer Rv 13 gjennom Hjelmeland til ein uforgløymeleg del av reiseopplevinga i Ryfylke.

Kollektivtilbodet i Hjelmeland kommune består av **hurtigbåt** til og fra Stavanger, daglege **buss-ruter** som knyter Hjelmeland saman med Tau og Stavanger, samt skuleskyssordningar for dei yngste innbyggjarane. For å sikre at alle innbyggjarar har moglegheit til å kome seg rundt i kommunen, tilbyr Hjelmeland også **ungdomstaxi og taxi for eldre**.





FOTO: DREAMSTIME

Ryfast-tunnelen er verdas lengste undersjøiske tunnel



Trekantsambandet
med verdas første
hydrogenferje.



Tenester med hjartelag

Oppvekst, helse og omsorg er dei største kommunale tenesteområda i Hjelmeland, og på alle felta er det fokus på å yta profesjonelle tenester med god kvalitet. Eit godt samarbeid med frivillig sektor er også ei viktig prioritering for å sikra at alle innbyggjarar får den støtta dei treng.

Gode oppvekstvilkår

Det er viktig å legga til rett gode oppvekstvilkår i Hjelmeland, der hovudfokuset er på at barnehagar og skular skal ha god kvalitet og kompetanse. Barnet sitt beste, det å gjera kvarandre gode, visa respekt og omsorg, og å skapa stimulerande og trygge miljø, er viktige rammer i kvardagen.



Foto: Siri Vestersjø



Foto: Siri Vestersjø

Fakta

- 4 barnehagar
- 3 barneskular
- 1 ungdomsskule

Hjelmeland tilbyr gratis barnehage for dei med bustad i kommunen

Ny ungdomsskule i 2026

I 2023 blei det vedteke å bygga ein ny ungdomsskule, og etter planen skal denne stå ferdig til nytt skuleår i 2026. Den nye ungdomsskulen vil i tillegg til dei ordinære klasseromma bestå av mellom anna aula, kantine, skulekjøkken, skaparverkstad, musikkrom med scene, gamingrom, symjebasseng og rom for sløyd og naturfag. Utearealet vil mellom anna inkludera areal for sandvolleyball, ballsport og ein bane som kan isleggast på vinteren.



ILL.: SPINN ARKITEKTER



Omsorg for dei eldre

Kommunen satsar på helsefremmende og førebyggande tiltak for den aukande gruppa av eldre. Det blir lagd til rette for ein eldreomsorg kor ein skal kunne bu heime lengst mogleg og kor ein skal motta gode omsorgstenestenårde i kjetten er mogleg.



Fakta om helsehuset

Helsehuset i Hjelmeland sentrum inkluderer mellom anna:

- Legekontor
- Helsestasjon
- Skulehelseteneste
- Jordmorteneste
- Psykiatriteneste
- Fysioterapiteneste
- Tannhelseklinik
- Barnevernsteneste
- NAV-kontor

Fakta om omsorgssentera

Det ligg eit omsorgssenter i Årdal og eit på Hjelmeland. Desse tilbyr ulike tenester og inkluderer mellom anna omsorgsbustader, heimesjukepleie, heimehjelp, dagsenter og demensavdeling.



Eit rikt og mangfaldig kulturliv

Kommunen fokuserer på å legga til rette for eit rikt og mangfaldig kulturliv, og dette blir mellom anna støtta gjennom kommunen sine gode tilskotsordningar.



Foto: Hans Widerøe



Foto: Hans Widerøe



Mange engasjerte innan frivillige lag og organisasjonar gjer ein stor innsats med å skapa treffstader og aktivitetar for ulike aldersgrupper året rundt. Hjelmeland frivilligsentral og kommunen er også aktive medspelarar i dette arbeidet og legg til rette for ulike aktivitetar og arrangement.

Nokre av desse er språkkafé, kafé på omsorgssenter, sommaraktivitetar for barn, marknadsdagar og konserter i Hjelmelandsvågen, kafé og utstillingar på Spinneriet, den kulturelle spaserstokken og ulike konserter, framstyringar og ungdomsfestival knytt til Kulturhaust i Ryfylke.

Ryfylkebiblioteket Hjelmeland inviterer jamleg til lesestund for barn, bokbad og ulike temakveldar. I tillegg er private aktørar og næringsliv med på å skapa flotte arrangement gjennom heile året.

Kulturygging og trivsel

Kulturaktivitetar og kulturygging er nøklar til trivsel, identitet, det å høyra til og i å utvikla attraktive og inkluderande lokalsamfunn. Spinneriet og Hjelmeland samfunnshus blir flittig brukte som kulturhus til små og store arrangement. På samfunnshuset finn ein i tillegg bygdekinoen og eit aktivt teaterlag med årlege framstyringar for små og store. Kulturskulen har eit variert tilbod og har fleire framstyringar gjennom året.

Sjå meir på heimesida: hjelmeland.kommune.no



Me takker våre samarbeidspartnarar





Ryfylkevegen 6969,
Hjelmeland, Norway
+47 940 68 122
Hjelmeland@st.yx.no

YX HJELMELAND
Salg av drivstoff, el-lading,
propan, vaskehall, bilrekvisita,
kiosk, varm og kaldmat



[f](#)

TAKK FOR TILLITEN!

Norsk Vind - takk for at vi fikk levere infrastruktur, kranoppstillingsplasser, turbinfundamenter og bygninger til dette spennende prosjektet. Og til alle våre fagfolk som har stått på hver eneste dag over lang tid
– godt jobba!

tsmaskin.no



STANGELAND



NÅR KUNNSKAP OG KVALITET TELLER

Næringsmiddelservice • Renholdsservice • Eiendomsservice

Johan Berentsens vei 111, 5163 Laksevåg
Tlf. 56 12 30 20
E-post: post@okv-gruppen.no
www.okv-gruppen.no



Fritidstilbod med leik, trening og kjekke aktivitetar

Rundt om i glandene finn ein mange lag og foreiningar som arrangerer aktivitetar for alle aldre.



Fritidstilbod for alle

I Hjelmeland finst eit stort tilbod som mellom anna inkluderer:

- Brassband
- Kunstlag
- Turlag
- 4H
- Songkor
- E-sport
- Hestesport
- Ungdomsklubb
- Strikkekafé
- Hagelag
- Sanitetsforeining
- Skyttarlag
- Røde kors
- Sogelag
- Teaterlag
- Storband
- Pensjonistklubb
- Kristelege lag
- Idrettslag som tilbyr mellom anna barnetrim, badminton, handball, fotball og skisport.



Les meir her:
www.hjelmeland.frivilligsentral.no/aktivitet

Velkommen til Eiane Gard

- Prisbelöna eplesider og eplemost
- Gardsutsalg ope kvar helg
- Sidersmakingar med omvising

eianegard.no



TOPP TRENINGSSENTER
Et treningsenter som passer for alle!



topptreningssenter.no
post@topptreningssenter.no
Sandetorjå, 4130 Hjelmeland
Tel: 924 81 601

Alle har noko å gje, og alle treng ei hand i blant. Ved å bidra gjennom frivillig innsats kan ein skapa ny meining i livet!




Foto: Magnar Riveland



Hjelmeland frivilligsentral legg til rette for at menneske kan møtast og vera til nytte for kvarandre. I samarbeid med Frilager tilbyr frivilligsentralen utlån av friluftsutstyr, og ein av deira hentestasjonar er i Hjelmelandsvågen.



Foto: Magnar Riveland



RYFYLKE
Tlf: 51741100

Åpningstider
Mandag - Fredag:
07:00 - 16:00
Lørdag:
09:00 - 14:00
Søndag:
Stengt



VARTDAL PLAST
www.vartdalplast.no



Ein stad for rekreasjon og opplevingar



Sjå video

Når ein skal setja Hjelmeland på kartet som ein attraktiv fritids- og feriedestinasjon, er det særleg naturleg å ta fram natur-, mat- og kulturopplevingane kommunen har å by på.

Hjelmeland si plassering mellom dei store turistattraksjonane Preikestolen og Trolltunga og langs den nasjonale turistvegen Rv 13, gjer Hjelmeland til ein naturleg stoppestad på reisa. Både for kortare og lengre opphold kjem det gjester frå regionen, resten av Noreg og utlandet.

Din andre heim i Hjelmeland

Mange har også vald Hjelmeland som sin andre heim, og har funne sin rekreasjonsstad i ein av dei spreidde fritidsbustadane eller i eit av dei små hyttefelta som ein finn rundt om i kommunen. Desse fritidsbuande er i dag ein stor ressurs for lokalsamfunnet, og ekstra kjekt er det at mange er flotte Hjelmelands-ambasadørar.

Aktive og late feriedagar

Hjelmeland innbyr til både aktive og late feriedagar. Sommar- og haustsesongen byr på festivalar og marknadsdagar, og om vinteren er det ikkje langt til nærmaste skiløyper. Kart og merking av turstiar gjer det enklare å utforska både toppturar og turar i heia, eller å besøka ein mektig foss, nyta ein skogstur eller vandra langs fjorden. For barn (eller barnet i deg) er Eventyrskogen sjølvsagt verd eit besøk. Her kan du både helsa på skogens bebuarar, ta ein rast på benken og nyta nista i ein av gapahukane.

Oppdagingsvandring

På ei oppdagingsvandring rundt om i Hjelmelandsvågen kan du få med deg Verdas største Jærstol, testa ut frieribenken, nyta ein dukkert og badstue, ta ein kanotur samt vandra gjennom den eldre trehusbebyggelsen, som fortel om ulike historiske bygg og hendingar. Her finn du også Hjelmeland bygdamuseum, i tillegg til kafé, sommarutstillingar og turistkontor på Spinneriet om sommaren.

Kulturhistoriske turar og attraksjonar

Dei månadlege kulturhistoriske vandreturane, SPOR i Ryfylke, starta opp i 2024. Her blir du betre kjend med den spennande historia og kulturen knytt til Ryfylke. Eit besøk innom det historiske gardstunet Vigatunet og rennesansekirka Årdal gamle kyrkje er også verd turen. Driftavegen gjennom Viglesdalen er ei gammal ferdselsåre frå Ryfylke til Setesdal, som i dag er ei historisk vandrerute.

Overnatting og servering

Leitar du etter overnattingsmoglegeheiter finst det både leige av rom, glamping, hytter og tønner, og plassar for bobilcamping. Når det gjeld serveringsstader kan du nyte god mat på kafé og restaurant. Og sjølvsagt er turen innom eitt eller fleire av gardsutsala verd ein snopetur!



Dagsturhytta Fisterbu ligg på Fisterfjellet. Her er nydeleg utsikt over bygda, fjordane og øyene.



Ritlandskrateret, det eine av to meteorittkrater i Noreg.




Verdas største Jærstol står i Hjelmelandsvågen.



Eventyrskogen i Årdal.


Les meir på nett

- Fjellstyret: www.hjelmeland-fjellstylene.no
- Booking av hyttene i Hjelmelandsheiene: www.dnt.no/dnt-der-du-er/stavanger-turistforening/lokale-hytter/
- Opplev Hjelmeland: www.hjelmelandnaturlegvis.no





I Hjelmeland er det mange flotte aktivitetar ein kan vera med på. Det er eit inkluderande og trygt miljø, med nærliek til naturen. Og ein stad det alltid er godt å koma heim til.



JS/NORGE · Concept: JS Media Tools A/S · 116007·www.jsnorge.no

Utsikt frå Fisterfjellet.



HJELMELAND
KOMMUNE

Tlf: 51 75 00 00
Vågavegen 115,
4130 Hjelmeland

E-post: postmottak@hjelmeland.kommune.no
Følg oss på Facebook
www.hjelmeland.kommune.no

